



**Årsmelding
2007**

dok
Kunnskap viser veg

Nasjonalt dokumentasjonssenter for
personar med nedsett funksjonsevne

Forord

2007 var det andre ordinære driftsåret for Nasjonalt dokumentasjons-senter for personar med nedsett funksjonsevne (Dokumentasjonssenteret). Arbeids- og inkluderingsdepartementet har fastsett vedtekter for senteret, og vedtektene er – saman med det årlige tildelingsbrevet frå departementet – det mandatet og dei retningslinjene verksemda skal byggjast på og drivast ut i frå.

Styret for Dokumentasjonssenteret godkjente i 2006 Strategisk plan 2006-2007 for senteret. Ut frå grunnlaget i strategisk plan blei plan-dokumentet Mål og resultatkrav 2007 (Årsplan 2007) utarbeidd.

I følge mandatet skal Dokumentasjonssenteret utarbeide ein årleg statusrapport, som skal beskrive situasjonen og samfunnsutviklinga for personar med nedsett funksjonsevne. Det er hovudsakleg i statusrapporten det blir synleggjort korleis senteret arbeider med dei ulike faglege oppgåvene. Den første ordinære statusrapporten blei publisert i desember 2007, og vi rår til at årsmeldinga blir sett i samanheng med Statusrapport 2007.

Den 19.10.07 blei ansvaret for politikkområdet funksjonshemming overført frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til Barne- og likestillingsdepartementet.

I samband med at styret for Dokumentasjonssenteret i desember blei varsla om regjeringa sitt vedtak om å innlemme senteret i Likestillings- og diskrimineringsombodet, blei føresetnadene for styrets arbeid endra i så stor grad at styreleiar Anne-Margrethe Brandt 17.12.07 bad seg fritatt frå vervet. Nestleiar Johan-Kristian Tønder tok over som fungerande styreleiar.

Årsmeldinga for 2007 blei utarbeidd og oversendt Barne- og likestillingsdepartementet 14. februar 2008. Denne versjonen av årsmeldinga er noko forkorta og tilpassa netformatet.

14.03.2008

Johan-Kristian Tønder
Styreleiar

Britta Nilsson
Direktør


Innhold

Organisasjonskart 2007	4
Styret 2007	5
Sekretariatet 2007	7
Om Nasjonalt dokumentasjonssenter for personar med nedsett funksjonsevne	8
Leiing	9
Faste oppgaver nedfelt i vedtektene	9
Oppgaver for 2007 gitt i AIDs tildelingsbrev	10
Strategisk tilnærming til oppgåvene	10
Visjon	10
Overordna målsetjing	10
Rapportering av aktivitetar i 2007	11
Måloppnåing for enkelte av oppgåvene	17
Statusrapport 2007	17
Informasjonsverksemda i 2007	24
Status for ulike FOU prosjekt i perioden 2005 - 2007	27

Vedlegg I Vedtekter

Vedlegg II Oversikt over deltakelse og bidrag i eksterne fora

Organisasjonskart 2007



Styret

Styrerepresentantar



Styreleder
Anne-Margrethe Brandt
Elmholt allé 13, 0275 Oslo
e-post: ambrandt@online.no
tlf: 22 50 69 92/90 98 99 02



Maja Arnestad (rådgiver)
Elisenbergveien 7
0265 Oslo
e-post: maja@arnestad.no
tlf: 22 44 99 72 / 92 21 72 12



Anne Lieungh
(divisjonsdirektør)
Sosial- og Helsedirektoratet
Divisjon sosiale tenester
Postboks 7000 St. Olavs plass
0130 Oslo
e-post: anl@shdir.no
tlf: 24 16 35 10 / 48 08 27 07



Johan Kristian Tønder
(fagdirektør)
Statistisk sentralbyrå
Postboks 8131 Dep, 0033 Oslo
e-post: jkt@ssb.no
tlf: 21 09 46 11



Jan Birger Medhaug
(direktør)
Haugesund Sanitetsforening
Revmatismesykehus
Karmsundgata 134
5500 Haugesund
e-post:
jan.birger.medhaug@hsr.as
tlf: 52 80 50 00 / 90 52 84 15

Vararepresentantar



Helge Folkestad
(førsteamanuensis)
Høgskolen i Bergen,
Nygårdsgaten 112,
5020 Bergen
e-post: hfo@hib.no
tlf: 55 58 78 52 / 93 24 95 23



Kari Eika (dr.econ)
Økonomisk Institutt
Postboks 1095 Blindern
0317 Oslo
e-post: kari.eika@econ.uio.no
tlf: 22 85 51 88 / 21 92 80 82



Yngvar Åsholt
(direktør fylkesledd)
NAV Arbeids- og velferds-
direktoratet
Postboks 5 St. Olavs plass
0130 Oslo
e-post: yngvar.asholt@nav.no
tlf: 23 35 24 00/ 91 63 60 94



Liv Øvstedal (forsker)
SINTEF Teknologi og samfunn
Avd. Transportsikkerhet og
-informatikk
7465 Trondheim
e-post: liv.ovstedal@sintef.no
tlf: 73 59 82 48 / 93413020



Margrethe Hagerupsen
(rådmann)
Lenvik kommune
Rådhuset, 9306 Finnsnes
e-post:
margrethe.hagerupsen@
lenvik.kommune.no
tlf: 77 87 10 13 / 41 50 95 02

Forts. neste side.

Styret forts.

Styrerepresentantar



Hege Winje (medlem FFO)
Berberissv. 33 B, 3408 Tranby
e-post: winje@human.no
he-winj@online.no (privat)
tlf: 23 15 60 45 / 92 24 77 40

Vararepresentantar



Helene Holand
(forbundsleder)
Langfaret 28, 3550 Gol
e-post: helene@nfuNoreg.org
tlf: 22 39 60 50 / 91 12 24 59



Jan Tøssebro (professor)
NTNU, Institutt for sosialt
arbeid og helsevitenskap
Dragvoll, 7491 Trondheim
e-post: jant@svt.ntnu.no
Tlf: 73 59 17 20



Rune Stureson (jurist SRFF)
Skogveien 12 F, 1410 Kolbotn
e-post: rune.stureson@c2i.net
mob: 92 80 01 43



Magnus Rindal (direktør)
NOVA
Postboks 3223 Elisenberg
0208 Oslo
e-post: magnus.rindal@nova.no
tlf: 22 54 12 50 / 95 29 27 05



Elsbet Vestvatn
(administrasjonssjef)
NOVA
Postboks 3223 Elisenberg
0208 Oslo
e-post:
elsbet.vestvatn@nova.no
tlf: 22 54 13 09 / 48 17 09 93



Tove Eikrem
Representant for tilsette
e-post: tei@dok.no
tlf. 22 54 13 44



Eli Knøsen
Vararepresentant for tilsette
e-post: ekn@dok.no
tlf. 22 54 13 46



Sekretariatet 2007

Frå venstre:

Hanne Cecilie Hougen seniorrådgivar

Per Halvorsen nettedaktør

Rudolph Brynn seniorrådgivar

Eli Knøsen seniorrådgivar

Tove Eikrem seniorrådgivar

Britta Nilsson direktør

Gro Wærstad kontorteknisk konsulent

Om Nasjonalt dokumentasjonssenter for personar med nedsett funksjonsevne

Dokumentasjonssenteret skal auke kunnskapen om situasjonen og samfunnsutviklinga for personar med nedsett funksjonsevne. Senteret skal samanstille den kunnskapen som finst, initiere utvikling av ny kunnskap og identifisere og måle effekten av ulike verkemiddel. Senteret skal også samanlikne utviklinga i Noreg med land det er naturleg å samanlikne seg med, og vurdere utviklinga i forhold til FNs standardreglar for like moglegheiter for menneske med nedsett funksjonsevne.

Ideen bak Dokumentasjonssenteret kan sporast tilbake til eit forslag i utgreiinga «Solidaritet bygd på kunnskap» (Tore Lange, NAVF 1992). Forslaget var å opprette eit sekretariat for å koordinere forskning om funksjonshemma. I 1993 fremma Statens råd for funksjonshemma eit konkret forslag til «Regjeringens handlingsplan for funksjonshemmede 1994-97» om ei eining for dokumentasjon og kommunikasjon om funksjonshemma. Deretter gjekk det åtte år før Manneråkutvalet i 2001 la fram NOU 2001:22 «Fra bruker til borger», der det kom eit forslag om å etablere eit dokumentasjonssenter for å samle og spreie kunnskap om funksjonshemmande barrierar i samfunnet. Senteret skulle ha oversikt over tidlegare og pågåande forskings- og utviklingsarbeid. I Stortingsmelding nr. 40 (2002-2003) «Nedbygging av funksjonshemmende barrierer. Strategier, mål og tiltak i politikken for personer med nedsatt funksjonsevne» varsla regjeringa etablering av eit dokumentasjonssenter.

Det blei fastsett vedtekter for Dokumentasjonssenteret i Kgl. resolusjon i desember 2004. Styret blei oppnemnt av Arbeids- og inkluderingsdepartementet og har vore i funksjon sidan 01.01.2005. Senteret har vore operativt frå 1. august 2005, då direktøren begynte i stillinga. Dei andre tilsette kom i arbeid i 2006 (4,5 stillingar) og 2007 (1,6 stillingar). Til saman har senteret i dag 6.1 stillingsheimlar. Dokumentasjonssenteret er fysisk plassert på NOVA - Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring - i Oslo.

Fram til 18. oktober 2007 var Dokumentasjonssenteret ein underliggende etat til Arbeids- og inkluderingsdepartementet, men blei frå denne dato, saman med heile politikkområdet funksjonshemming, overført til Barne- og likestillingsdepartementet.

Barne- og likestillingsdepartementet varsla at regjeringa i den kommande odelstingsproposisjonen om ny diskriminerings- og tilgjengelegheitslov for menneske med nedsett funksjonsevne vil gå inn for at Dokumentasjonssenteret blir innlemma i Likestillings- og diskrimi-

neringsombodet (LDO) frå 01.01.09. Dokumentasjonssenteret vil bli avvikla som eigen institusjon frå denne dato.

Leing

Senteret har eit styre og ein dagleg leiar (direktør). Styret er oppnemnt av Arbeids- og inkluderingsdepartementet, og har ni medlemmer med personlege vararepresentantar. Medlemer og vararepresentantar blir oppnemnt for fire år, og kan reoppnemnast ein gong.

Styret har følgjande hovudoppgåver:

- Trekkje opp hovudlinjene for senterets verksemd
- Fastsetje senterets organisering
- Godkjenne senterets årsplanar
- Fremje budsjettforslag til ansvarleg departement
- Vedta budsjett disponeringar innanfor fastsette budsjetttrammer
- Ha ansvar for resultatoppfølging og budsjettkontroll
- Gi årleg rapport og rekneskap for verksemda.

Faste oppgåver nedfelt i vedtektene

- (1) Etablere samarbeid med sentrale institusjonar som samlar inn kunnskap om forhold som er viktig for å kunne dokumentere situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne.
- (2) Medverke til å betre datainnsamling som skjer med offentleg støtte, foreslå og eventuelt setje i gang innsamling av data på område som er svakt dekt.
- (3) Utvikle og ta i bruk verktøy for regelmessig å kunne dokumentere utviklinga i situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne innanfor ulike sektorområde.
- (4) Gi ei vurdering av utviklinga i forhold til FN's standardreglar for like moglegheiter for menneske med nedsett funksjonsevne.
- (5) Gi ei vurdering av utviklinga i forhold til land eller område det er naturleg å samanlikne seg med.
- (6) Gjere kunnskapen som blir samla inn lett tilgjengeleg for offentlege instansar, vedtaksfattande organ og andre som har behov for og ønske om informasjon.
- (7) Utarbeide ein årlig statusrapport om situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne.

(8) Yte rådgiving og rettleiing i saker der det er behov for kunnskap om situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne.

Oppgåver for 2007 gitt i AIDs tildelingsbrev

I tildelingsbrevet av 17.01.2007 til Dokumentasjonssenteret seier departementet at senteret

«... skal ha som hovedmål å samle inn kunnskap om forhold som har betydning for å kunne dokumentere situasjonen for personer med nedsatt funksjonsevne, og gjøre denne tilgjengelig for ulike aktører i samfunnet.»

Departementet pålegg senteret å rette merksemda særleg mot sektor-ansvarsprinsippet og oppfølging av FNs standardreglar.

Strategisk tilnærming til oppgåvene

Visjon

Kunnskap, innsikt, haldningsarbeid, endringsvilje og politiske tiltak er hovudverkemiddel for å nå målet om full deltaking og likestilling for menneske med nedsett funksjonsevne. Dokumentasjonssenteret skal medverke som kunnskapsleverandør for at samfunnet skal nå dette målet. Gjennom kartlegging, systematisering, analyse, samanstilling, vidareutvikling og formidling av kunnskap skal senteret auke kunnskapsnivået innanfor – og på tvers av – ulike samfunnssektorar, forskingsmiljø og erfaringsbaserte miljø. Gjennom initiering av ny forskning skal senteret bidra til at prosessen skal gå så fort og effektivt som mogleg.

Dokumentasjonssenterets visjon er: ***Kunnskap viser veg.***

Overordna målsetjing

Ut frå formål og oppgåver gitt i vedtekter og tildelingsbrev, fastsette Dokumentasjonssenteret som hovudmål for 2006-2007 å framskaffe:

- Meir kunnskap om situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne og meir kunnskap om funksjonshemmande barrierar i samfunnet
- Meir kunnskap om effekten av ulike verkemiddel
- Betre formidling og utveksling av både forskingsbasert og ikkje-forskningsbasert kunnskap

Rapportering av aktivitetar i 2007

I neste kapittel vil enkelte av aktivitetane bli omtalt meir utførleg.

Oppgåver

nedfelt i vedtektene

Resultat i 2007

(1)

Etablere samarbeid med sentrale institusjonar som samlar inn kunnskap om forhold som har betydning for å kunne dokumentere situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne.

Samarbeid med forskingsmiljø

Det er laga ei oversikt over ulike miljø som forskar på området «funksjonshemming». Oversikta er tilgjengeleg på www.dok.no. Det blir arbeidd med å få etablert ei kontaktpersonordning ved dei ulike forskingsinstitusjonane. Forskingsmiljø som Dokumentasjonssenteret har samhandla med i 2007 er NOVA, TØI, Sintef, HiB, UiA, NTNU. Nedanfor er det fleire opplysningar om prosjekta.

Samarbeid med funksjonshemma sine interesseorganisasjonar

I 2006 blei det sendt brev til funksjonshemma sine interesseorganisasjonar vedrørende dokumentasjon og interessepolitisk agenda i organisasjonane. Tilbakemeldingane frå organisasjonane er presentert under enkelte kapittel i Statusrapport 2007.

Samarbeid med norske kompetansemiljø

I 2007 har Dokumentasjonssenteret samarbeidd med Deltasenteret, Statens råd for funksjonshemma, MediaLT, IT Funk, Statistisk sentralbyrå og Nasjonal pådrivar/NTNU.

I tillegg kjem ulike direktorat og departement.

(2)

Bidra til å forbedre den datainnsamling som skjer med offentlig støtte, foreslå og eventuelt sette i gang innsamling av data på område som er svakt dekket.

Gjennomgang av relevant forskningslitteratur, statistikk og offentlige dokument.

Resultat av gjennomgangen er presentert i Statusrapport 2007.

Auka kunnskap om område som er svakt dekt

Identifisering og registrering av «kunnskapshol» og område der det er påvist at det er for lite kunnskap, er først og fremst presentert i Statusrapport 2007.

Status- og framdriftsrapportar over prosjekt som er sett i gang 2005 – 2007 (kort omtale følger i neste kapittel).

I perioden oktober 2005 til desember 2007 er følgjande prosjekt sett ut til ulike forskings- og utgreiingsmiljø :

- LKUF 2007 (undersøking om levekår, helse og funksjonsevne)
- Den doble aldringen
- Aspekt ved funksjonshemma sine levekår
- EuroAccess
- IKT og synshemma
- T4P konferanse om eForvaltning
- Modul IKT og tilgjengelegheit
- Helse- og sosialtenester for personar med nedsett funksjonsevne
- Fritid for utviklingshemma
- Ung i Oslo – funksjonshemma elevar
- Holdningskartlegging
- Kartlegging av universell utforming av tilgjengelegheit og innhald på offentlege nettstader
- Fylkesvis oversikt over tilgjengelegheit til kollektivtransport.

(3)

Utvikle og ta i bruk verktøy for regelmessig å kunne dokumentere utviklinga i situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne innanfor de ulike sektorområde.

Auka kunnskap om funksjonshemma i media

Senteret arbeider med den metodiske tilnærminga til oppgåva.

Identifisere indikatorar for kartlegging av endringar i samfunnssituasjonen for personar med nedsett funksjonsevne

Hausten 2007 blei Dokumentasjonssenteret invitert til å delta i eit rammenettverk for universell utforming i KOSTRA i SSB. Rammeverksgruppa skal ha spesielt ansvar for koordinering, og fremje metode og bistand for KOSTRA-arbeidsgruppene knytt til indikatorar og nøkkeltal for universell utforming.

Periodisk oversikt over tilgjengelegheitsgraden i samfunnet basert på ulike offentlige register

Dokumentasjonssenteret har gjort eit større arbeid for å finne frem til ulike register innanfor ulike samfunnssektorar, og for å vurdere om personar med funksjonsnedsettingar kan identifiserast som eiga gruppe innanfor slike register. Vidare er det gjort ein analyse av om det som blir registrert kan identifiserast som funksjonshemmande barrierar og i forhold til kva slags funksjonsnedsetting. Resultata er presentert i Statusrapport 2007.

Identifisere og beskrive effekt av verkemiddel

Verkemiddel og effekt av ulike verkemiddel som det er mogleg å identifisere på noverande tidspunkt, er omhandla i de ulike kapitla i Statusrapport 2007.

Beskrive effekt av sektoransvarsprinsippet

Prinsippet for – og effekten av – sektoransvarsprinsippet er omtala i de ulike kapitla i Statusrapport 2007.

Vidareutvikle senterets database for lagring og samanstilling av kunnskap

Det er utvikla ei databaseløysning for innregistrering av ulike «kunnskapsleveransar». Alle medarbeidarane ved senteret er opplært i bruk av basen. Det er også starta opp eit arbeid med vidareutvikling av databasen for m.a. datalagring, sakshandsaming, postregistrering etc.

(4)

Gi ei vurdering av utviklinga i forhold til FNs standardregler for like moglegheiter for menneske med nedsett funksjonsevne.

Pilotprosjekt om oppfølging av FNs standardreglar hos norske styresmakter

Det blei halde eit oppstartmøte med representantar frå kommunale og fylkeskommunale råd frå tre fylke i april 2007. Ein representant frå det svenske Agenda 22-prosjektet var til stades.

FN-konvensjonen om menneskerettar for funksjonshemma

Den 10.05.07 blei det arrangert eit seminar for Dokumentasjonssenterets styre, der representantar frå UD/UiO, AID og FFO informerte om arbeidet fram mot godkjenning av konvensjonen i FN 13.12.06 og Noregs signering 30.03.07. Det ble også informert om prosessen vidare i Noreg frem mot ratifisering og implementering av konvensjonen.

(5)

Gi ei vurdering av utviklinga i forhold til land eller område det er naturleg å samanlikne seg med.

Samarbeid med relevante miljø i Norden og andre land

I løpet av 2007 har Dokumentasjonssenteret hatt møte med Socialstyrelsen i Sverige og med Nordiska samarbetsorganet för handikappfrågor (NSH) vedrørende levekårundersøkingar for funksjonshemma. På det siste møtet drøfta deltakarane felles indikatorar som komparativt grunnlag for t.d. levekårundersøkingar.

(6)

Gjere kunnskap som blir samla inn lett tilgjengeleg for offentlege instansar, dei som skal fatte vedtak og for andre som har behov og ønske om informasjon.

dok.no er oppdatert kvar veke gjennom aktualitetar og fagartiklar

Målsetjinga er oppnådd.

Halde to møte i brukarforumet for dok.no

Målsetjinga er oppnådd.

Utvikle webtenester for dialog med målgrupper og innhenting av kunnskaps- og erfaringsdata

Dokumentasjonssenteret arbeider med denne funksjonen for å utvikle eit interaktivt medium. Skribentar/bloggarar blir inviterte kvar månad, og publikum kan delta i debattar etter desse innlegga.

Informasjon om Dokumentasjonssenteret og nokre sentrale fagartiklar skal være publisert på teiknspråk/video på www.dok.no

Det er laga 13 ulike artiklar på teiknspråk.

Det skal lagast ein informasjonsplan, og i samband med utgjeving av Dokumentasjonssenterets publikasjonar og viktige arrangement etc. skal det lagast konkrete informasjonstiltak

Det er laga plan for informasjonsaktivitetar for 2007, særleg i høve til rapportane «Sosial- og helsetjenester for personer med nedsatt funksjonsevne» og «Statusrapport 2007». Planen er forankra i Dokumentasjonssenterets informasjonsstrategi, som er lagt ut på www.dok.no. Punktet som gjeld utarbeiding av fagartiklar basert på ulike kapittel i Statusrapporten, blir vidareført i 2008.

Medarbeidarar ved Dokumentasjonssenteret skal halde eksterne foredrag, ta på seg undervisningsoppgåver m.v.

Medarbeidarane deltar/har deltatt i 18 ulike fora, arbeidsgrupper og nettverk, har deltatt på 46 ulike kurs og konferansar og har hatt 28 foredrag og undervisningsoppdrag i 2007.

(7)
Utarbeide ein årlig statusrapport om situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne.

Utvikle mal for årlege statusrapportar

Statusrapport 2007 blei lansert 04.12.07.
Rapporten ligg føre i trykt versjon, i ulike filformat på www.dok.no og som lydbok i Daisy-format.

(8)
Yte rådgiving og vegleiing i saker der det er behov for kunnskap om situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne.

Forventning frå publikum om personlig hjelp, hovudsakleg overfor myndigheiter, ut i frå punktet «yte rådgiving og vegleiing» i vedtektene, blei meldt inn til departementet på etatsstyringsmøtet 11.04. for avklaring av det konkrete innhaldet i dette punktet. Departementet meiner at spørsmålet skal takast opp på nytt om pågangen aukar betydelig.

Oppgåver gitt i AIDs tildelingsbrev for 2007

(9)
Senteret skal rette søkelys mot sektoransvarsprinsippet.

Sektoransvarsprinsippet

I Statusrapport 2007 blir sektoransvarsprinsippet innanfor ulike samfunnssektorar drøfta.

(10)
Oppfølging av FNs standardregler.

FNs standardreglar

Sjå nedanfor.

Måloppnåing for enkelte av oppgåvene

Statusrapport 2007

Dokumentasjonssenteret overleverte 4. desember 2007 Statusrapport 2007 til statsråd Manuela Ramin-Osmundsen, Barne- og likestillingsdepartementet. Rapporten er inndelt i tolv kapittel; innleiing, samandrag inkl. engelsk samandrag, ni samfunnsområde og eit temaområde. Rapporten er produsert i papirversjon, som pdf-fil, i html-versjon og som lydbok i DAISY-format på www.dok.no. Her følgjer ein kort presentasjon av innhaldet i samfunnskapitla og temakapitlet:

Arbeid

Under halvparten av personar med funksjonsnedsetting i yrkesaktiv alder (16 - 66 år) er i arbeid. Dette er betydelig lågare enn i befolkninga generelt. Sysselsettinga blant funksjonshemma var 45,3 prosent i 2. kvartal 2007. Dette er på same nivå som sist år. Til samanlikning var sysselsettinga i heile befolkninga mellom 16 og 66 år på 74,8 prosent i den aktuelle perioden (AKU/SSB). Arbeidskraftundersøkinga viser også at det er fleire funksjonshemma enn andre som arbeider deltid: 60 prosent mot 47 prosent av alle sysselsette deltidsarbeidande. Mange velgjer deltidarbeid for å oppnå større fleksibilitet av omsyn til eigen funksjonsnedsetting. Omkring éin fjerdedel av sysselsette funksjonshemma kombinerer lønsarbeid med uføretrygd.

Årsakene til undersyssselsetting hos funksjonshemma er mange. Éin er manglande tilrettelegging på arbeidsplassane. IA-avtalen har lagt til rette for at arbeidsgivarar kan få økonomisk støtte til tilrettelegging av arbeidsplassane. Likefullt er det ei vanleg innvending frå arbeidsgivarar at regelverket for støtte til tilrettelegging av arbeidsplassar er for komplisert, eller at det ikkje kan settast av ressursar til å gå inn i problemstillinga.

Fleire undersøkingar viser klar samanheng mellom utdanningsnivå og sysselsetting for befolkninga generelt: dess høgare utdanning, desto meir sannsynleg at ein får arbeid. For funksjonshemma er utdannings-effekten enda sterkare. Overgangen frå utdanning til arbeid er særleg vanskelig for unge funksjonshemma. Men viljen til å komme seg i arbeid er sterk.

Trass i politiske mål og tiltak over lang tid, har ikkje situasjonen på dette området betra seg dei siste åra. Data og rapportar peiker mot større innsats for å fjerne barrierar, dette gjeld både haldningar hos arbeidsgivarar, fysisk tilrettelegging av arbeidsplassar, og større fleksibilitet i arbeidstid og –oppgåver.

Bustader

Det er dårleg tilgjengelegheit for rullestolbrukarar i norske bustader.

Levekårundersøkingar frå 2001 og 2004 avdekte at 3,7 millionar nordmenn bur i bustader der rullestolbrukarar ikkje kjem inn. Berre sju prosent av alle bustadene hadde livsløpsstandard.

Om lag ein fjerdedel av norske husstandar bur i bygningar med tre etasjar eller meir. 18 prosent av alle husstandar bur i ein blokk utan heis. Det er flest yngre husstandar utan barn som bur i slike bygningar. Blant husstandar der eldste person er 80 år eller meir, bur 14 prosent i høge hus utan heis.

Mange unge med nedsett funksjonsevne er gjennom åra blitt plassert i alders- og sjukeheimar. Sidan 1996 har kommunane fått eit mellom-bels statleg stimuleringsstilskot til utskriving av yngre funksjonshemma frå alders- og sjukeheim som ønskjer det. Målgruppa er personar under 67 år. I 2000 hadde 300 personar fått eigne bustader gjennom denne ordninga. I juni 2007 var det 173 personar under 50 år som budde i alders- og sjukeheim. 53 prosent av desse kom frå Oslo.

Det er viktig å finne årsakene til at målsetjingar og tiltak ikkje har ført til fleire tilgjengelege bustader. Det er framleis mangel på kunnskap om butilhøve for funksjonshemma. Det manglar også kunnskap om tilgjengelegheit til bustader for andre grupper enn bevegelseshemma, og om valfridom og faktiske tilgang på bustader for ulike grupper. I tillegg trengs det meir innsikt i kor stor grad Husbanken sine økonomiske verkemiddel aukar talet på bustader som er fullt tilgjengelege for funksjonshemma.

Funksjonshemma sine organisasjonar har peikt på kor vanskelig det er for funksjonshemma å orientere seg på bustadmarknaden, når det sjeldan eller aldri blir spesifisert i prospekta kva for funksjonell standard bustaden har. Dette er ein type informasjon som organisasjonane ønskjer skal være obligatorisk i alle typar bustadannonsar.

Nokre personar med nedsett funksjonsevne har behov for langvarige og ressurskrevjande tenester. Organisasjonane er bekymra for at kommunar effektiviserer og samkøyrer tenester for desse gruppene i så stort omfang at bustadane deira får for mykje institusjonspreg.

Bygningar og uteområde

Tilgjengelegheit til bygningar, anlegg og uteområde får aukande politisk merksemd. Det er likevel eit godt stykke igjen til det er samsvar mellom verkelegheit og politiske mål om full tilgjengelegheit for alle (jf. Soria Moria-erklæringa og statsbudsjettet for 2008). Dette gjelder først og fremst eksisterande bygningar og uteområde, men også nye prosjekt.

Ei av forklaringane på det manglande samsvaret mellom målsetjing og

verkelegheit, er fråvæ av nasjonale retningslinjer og klare indikatorar for tilgjengelegheit og universell utforming. Dette gjer det vanskeleg å stille standardiserte krav. Ei anna forklaring er at det enda ikkje finst klare retningslinjer om tilgjengelegheit til offentlige bygg og arbeidsbygg i eksempelvis plan- og bygningsloven med forskrifter.

Ein konsekvens av dei manglane som er nemnt, er at det framleis blir planlagt og bygt nye bygningar og uteområde som ikkje er tilgjengelege. Tilgjengelegheit for bevegelseshemma får størst merksemd. For andre grupper funksjonshemma manglar det kunnskap om barrierar som hindrar deltaking.

Noreg manglar nasjonal statistikk over tilgjengelegheit. Det fins verken oversikt over dagens byggjepraksis, i kva grad lovverket vert følgt eller om det blir gitt mange dispensasjonar frå krava til tilgjengelegheit.

IKT

På ei rekkje område manglar det verkemiddel for å sikre at informasjons- og kommunikasjonsteknologien er tilgjengeleg for alle.

Det finst ikkje fullstendig oversikt over kva barrierar ulike grupper av funksjonshemma opplever i møte med IKT på ulike samfunnssektorar. Noreg har hittil ikkje hatt lovfesta tilgjengelegheitskrav til IKT. Situasjonen vil kunne bli endra når regjeringa våren 2008 fremmar forslag til eiga antidiskriminerings- og tilgjengelegheitslov, jfr. regjeringa sitt forslag om at all ny IKT skal være tilgjengeleg frå 2011.

Handlingsplanen eNorge 2009 «Det digitale spranget» er ikkje i seg sjølv eit tilstrekkelig verkemiddel for å knytte behov for universell utforming av IKT til ulike samfunnssektorar og sjå dei i samanheng.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har avgrensa styring over den statlege IKT-politikken. Departementets krav til universell utforming i St.meld. 17 (2006-2007) avgrensar seg til departementets egne underliggjande etatar, sjølv om andre departement blir oppfordra til å følgje same krav.

Sektoransvarsprinsippet fungerer i dag ikkje godt nok til at det kan innførast krav om universell utforming av IKT på statleg, regionalt og kommunalt nivå. For at sektoransvarsprinsippet skal ha effekt på tilgjengelegheita, må alle sektoransvarlige få betre kjennskap til dei praktiske konsekvensane av krav om universell utforming av IKT ved offentlige innkjøp.

Den offentlige informasjonsportalen Noreg.no måler tilgjengelegheit ved norske heimesider. Noreg.no har blant anna vurdert tilgjengelegheit til dei politiske partia sine heimesider. Målinga viser at partia

generelt har langt igjen når det gjeld å utforme heimesidene i tråd med standardar for god tilgjengelegheit. Dette kan hindre politisk deltaking.

Kultur og fritid

Det er langt igjen før dei politiske måla om full deltaking for alle på kultur- og fritidsområdet er nådd. Deltakinga blant personar med nedsett funksjonsevne er gjennomgåande lågare enn for andre grupper. Det er likevel ein positiv tendens i retning av auka deltaking.

I følge Statistisk Sentralbyrå sine levekårundersøkingar var for eksempel 83 prosent i aldersgruppa 16 og 66 år medlem av minst éin organisasjon eller foreining i 2001. I 2004 var talla auka til 85 prosent. Det er små forskjellar i deltaking mellom funksjonshemma og ikkje-funksjonshemma. Men nokre område peiker seg ut med relativt store forskjellar, eksempelvis i idrettsorganisasjonar.

Manglande tilgjengelegheit til bygg, anlegg og uteområde er ein av hovudbarrierane for at funksjonshemma kan utøve og delta i kultur- og fritidsaktivitetar på linje med andre. Men mangelen på tilgjengelegheit kan også gjelde sjølve kulturtilbodet.

Eksempelvis blir utbytte av norske kinofilmar avgrensa for hørselshemma dersom filmene ikkje er teksta. Bransjeorganisasjonen meiner at alle norske kinofilmar som får statleg tilskot skal tekstast på norsk. Norske filmregissørar og produsentar har i liten grad gjort dette, og argumentert mot obligatorisk teksting ut frå kunstnarlege omsyn.

Kunnskapsgrunnlaget er framleis spinkelt når det gjelder deltaking og tilgjengelegheit på kultur- og fritidsområdet. Det er ikkje gjort analyser eller laga statistikk som kan gi et heilskapleg bilete av situasjonen og utviklinga innan kultur og fritid. Vi treng nye analyser og datakilder som kan gi breiare kunnskap om ulike gruppers deltaking, og om dei faktiske tilboda. Det er også nødvendig å auke kunnskapen om tilgjengelegheit til bygningar, anlegg og uteområder der kultur- og fritidstilboda faktisk er lokalisert. Her må kriterium for tilgjengelegheit for alle grupper av personar med nedsett funksjonsevne inkluderast.

Opplæring og utdanning - høgare utdanning

Det kan ikkje førast eksakt registrering over studentar med nedsett funksjonsevne i høgare utdanning. Dersom ein tar utgangspunkt i talet på studentar som har kontakta rådgjevingstenestene ved utdanningsinstitusjonane, er det likevel mykje som tyder på at det stadig vert fleire studentar med nedsett funksjonsevne.

Generelt rettar utdanningsinstitusjonane større merksemd no enn før mot tilgjengelegheit til studia og kravet om universell utforming av

læringsmiljøet. Hovudintrykket er likevel at mange lærestader strevar med å få tak på innhaldet i omgrepet universell utforming. For mange lærestader handlar det framleis hovudsakleg om «tilrettelegging for funksjonshemma», i standen for «tilgjengelegheit for alle».

Det finnes framleis barrierar når det gjelder tilgang på hjelpemiddel og studielitteratur:

Det er lokale forskjellar i NAV-etat sin praksis for å imøtekomme søknader om datahjelpemiddel og opplæring i bruk av hjelpemidla. Årsakene kan være uklart regelverk og ulik tolking av regelverket.

Det er problem med at tilgang på studielitteratur for syns- og lesehemma er avgrensa, trass i at gjentekne utgreiingar har peka på behovet. Barrierar for synshemma til høgare utdanning blir gjerne relatert til lang produksjonstid ved Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB), som produserer skjønnlitteratur og studielitteratur til synshemma og andre lesehemma.

Synshemma og andre lesehemma, f.eks. dyslektikarar, blir behandla svært ulikt i NLB. NLB har innført omgrepa «produksjonsrett» og «lånerett» basert på ordlyden i sine egne vedtekter, og har dermed delt syns- og lesehemma studentar inn i et A-lag og et B-lag med ulike rettar. Grunngevinga for dette ser ut til å være kapasitetsomsyn. Det er vanskelig å sjå at universitets- og høgskolelova, eller forskrifter med heimel i lova, opnar for ei slik sortering av studentar. Ordlyden i lova peikar meir i retning av at det skal gjerast individuelle vurderingar av behov for tilrettelegging.

Risikoen for forseinking i studiet, og dermed større studielån, har auka på grunn av nye effektivitetskrav. Studentar med nedsett funksjonsevne vil ofte vegre seg for å finansiere studiet med studielån, og kan føle seg tvungne til å søkje studiefinansiering gjennom yrkesretta attføring (folketrygdloven kapittel 11). Regelverket har blitt strengare også for finansiering av studium gjennom yrkesretta attføring.

Det er mykje vi ikkje veit om situasjonen for studentar med nedsett funksjonsevne. Det største problemet ser likevel ut til å vere at vi ikkje brukar den kunnskapen vi alt har til å byggje ned barrierane.

Sosial- og helsetenester

Statusrapporten dokumenterer stor svikt i samordning av tenester for personar med behov for langvarige og koordinerte sosial- og helsetenester. Dette går tydeleg fram av rapportar både frå offentlege myndigheiter og funksjonshemma sine organisasjonar. For mange utgjør samordningssvikten eit stort hinder for deltaking på arenaer som arbeidsliv, kultur- og reiseliv.

Eit sentralt verkemiddel og verktøy for å fremje samordning er individuell plan. Individuell plan er solid forankra i sosial- og helselovgjevinga, og det er utarbeidd ei forskrift som viser til målgruppe og metode. Alle som har behov for langvarige og koordinerte tenester, har rett til å få utarbeidd ein individuell plan dersom dei ønskjer det. Det er tenestemottakarens rett å få medverke i arbeidet, og tenesteapparatet har plikt til å leggje til rette for slik medverking.

Langt på veg fungerer dette verktøyet ikkje etter hensikta. I statusrapporten blir det dokumentert m.a. mangelfulle individuelle vurderingar, vedtak som er lite konkretiserte, og utilstrekkelig medverking frå tenestemottakarar og pårørande.

Det er bekrefta at personar som har fått individuell plan i tråd med dei krava forskrifta stiller, er meir tilfredse med tenestetilbodet enn andre. Likevel ser tenesteapparatet i liten grad ut til å ville ta verktøyet i bruk. For å stimulere tenestene til å ta individuell plan i bruk etter føresetnaden, trengs det oppfølgingsmekanismar i regelverket og hensiktsmessig registreringsverktøy for å kunne følgje utviklinga over tid. Dette manglar i dag.

Transport

Offentlig transport har gjennomgåande dårleg tilgjengelegheit. Eksisterande data tyder på at det er store geografiske forskjellar i tilbodet både når det gjeld tilgjengelegheit og tilgang til spesialtransport. Dette går ut over reiseaktiviteten til personar med nedsett funksjonsevne. Dei nasjonale reisevaneundersøkingane frå 2003 og 2005 viser at personar som har oppgitt «varige helsemessige problemar som gjør det vanskelig å reise», foretar omkring 25 prosent færre daglige reiser enn befolkninga totalt.

Det er ei utfordring at vi i dag har relativt sparsamt med data som beskriv transportsituasjonen for personar med nedsett funksjonsevne. Sjølv der vi har tal, f.eks. om talet på reserverte parkeringsplassar for funksjonshemma, seier ikkje desse tala noe om problem som ulik prising, tilgjengelegheit for rullestolbrukarar som skal ut og inn av bilen etc. Data om talet på tilgjengelege busser i byane seier lite om tilgjengelegheit til haldeplassane; om det er tilstrekkeleg mange avgangar slik at kollektivtransporttilbodet er eit realistisk alternativ til spesialordningar, etc.

For å sikre meir heilskapleg tilgjengeleheitsplanlegging av transportsektoren, trengs det undersøkingar av i kva grad funksjonshemma kan nytte ulike transportmiddel og kva barrierar funksjonshemma møter. Slike undersøkingar blir mellom anna gjort i Sverige, og viser der at cirka 10 prosent av befolkninga ikkje kan nytte fly, tog, båt og buss. Dei svenske undersøkingane har vist at det å reise med buss byr på

minst problem. I Noreg bør det også gjennomførast ei undersøking av kva transportmiddel som fører til tilgjengelegheitsproblem for ulike grupper av funksjonshemma, basert på undersøkingane i Sverige.

Det er sett i gang mange tiltak for å betre transporttilgjengelegheita, ikkje minst BRA-programmet, (Betre infrastruktur, Rullande materiell, Aktiv logistikkforbetring), men det er for tidlig å måle den konkrete effekten av desse tiltaka.

Økonomiske levekår

Personar med nedsett funksjonsevne har om lag 75 prosent av gjennomsnittleg bruttoinntekt i totalbefolkninga. Justert for skattefrådrag aukar samla inntekt til 81 prosent av gjennomsnittsinntekta for resten av befolkninga.

Svak tilknytning til arbeidslivet er den viktigaste grunnen til dårlige økonomiske levekår. Samanlikna med resten av den yrkesaktive befolkninga, skil funksjonshemma seg ut med lågare sysselsettingsgrad, meir deltidsarbeid, høgare arbeidsløyse og overrepresentasjon i lavtlønna yrke.

Dei som på grunn av funksjonsnedsetting ikkje har lønna arbeid, er avhengige av offentlige overføringar. Men velferdsordningar kompenserer ikkje tilstrekkelig for manglande lønnsinntekt. Resultatet blir ei gruppe menneske som gjennomsnittlig har lågare inntekt enn dei som deltar fullt ut i arbeidsmarknaden. I tillegg har funksjonshemma ofte meirutgifter på grunn av funksjonsnedsetting eller kronisk sjukdom.

Det er forska lita på økonomiske levekår for familiar med omsorg for funksjonshemma barn. Vi veit likevel at dette omsorgsansvaret kan gjere der vanskelig for begge foreldre å være fullt yrkesaktive. Inntektsmoglegheitene i desse familiare kan dermed bli sterkt avgrensa. Foreldre med funksjonshemma barn kan søke om omsorgslønn når dei utfører eit omfattande pleie- og omsorgsarbeid i heimen. Omsorgslønn blir tildelt etter skjønns frå kommunen, og ordninga er prega av det er vanskeleg å vite kva ein vil få frå år til år, og av ulik praksis mellom kommunar.

Borgarrolla - politisk, økonomisk og samfunnsmessig deltaking

Det er eit politisk mål at politiske fora skal gjenspegle mangfaldet i befolkninga. Ofte er dette ikkje tilfelle når det gjeld funksjonshemma, til tross for deira erfaringsbakgrunn og at dei utgjør ein stor del av befolkninga.

Det er framskaffa dokumentasjon om barrierar i dei nordiske landa sine nasjonalforsamlingar. Ikkje alle hadde teleslynge, skriftleg materiale blei i liten grad produsert i punktskrift, og lettlestalternativ var

bare unntaksvis tatt i bruk. Rundt 50 prosent av partikontora var tilgjengelege for rullestolbrukarar og hadde handikapptolett. Ingen hadde installert teleslynge. Ein fjerdedel hadde (etter sjølvrapportering) heimesider som var tilgjengelege for synshemma (Nordisk Handikappolitisk Råd 2005).

Funksjonshemma som forbrukarar blir påverka av tilgjengelegheit til publikumsbygg der varer og tenester blir distribuert, tilgang til sjølve produkta og haldningar hos tilbydarane. Norges Handikapforbund viser i eigne undersøkingar at svært mange publikumsfasilitetar eksempelvis i Oslo er utilgjengelege, til dømes 8 av 10 utestader.

Tilgang til varer og tenester og fysiske produkt krev gode brukargrensensnitt. Universell utforming av produkt reduserer behovet for spesialløyningar. Det er nødvendig å utarbeide standardar på norsk og europeisk nivå for å sikre at dei løysingane som blir utvikla følgjer prinsippet om universell utforming.

Frå levekårundersøkingane veit vi at det er ein viss forskjell mellom funksjonshemma og ikkje-funksjonshemma når det gjeld organisasjonsmedlemskap. Generelt er forskjellane små, men det er klart lågare grad av medlemskap blant funksjonshemma i idrettslag og friluftsgorganisasjonar.

Informasjonsverksemda i 2007

Nettstaden **www.dok.no** er Dokumentasjonscenterets viktigaste verkemiddel i det daglige arbeidet for å gjere den kunnskapen som blir samla inn lett tilgjengeleg for offentlige instansar, beslutningstakarar og andre som har behov for og ønske om informasjon. Senteret har i 2007 vidareutvikla arbeidet både med nettilgjengelegheit og innhald.

Tilgjengelegheit til heimesida dok.no

Arbeidet med tilgjengelegheit til nettsider i Noreg tar utgangspunkt i kriteria til Web Accessibility Initiative (WAI) slik dei blir forvalta gjennom informasjonsportalen Noreg.no sine årlige kvalitetsevalueringar.

Dok.no betraktar likevel WAI-kriteria som ein minimumsstandard, og har i samarbeid med eksterne kompetansmiljø utvikla funksjonar som går utover WAI-standardene. Nytt av året er mellom anna: talande antispamkode, tilgjengeleggjøring av PDF-filer for talesyntese og nøkkelinformasjon på teiknspråk.

For sitt arbeid med webtilgjengelegheit mottok Dokumentasjonscenteret Noreg.no sin tilgjengelegheitspris for 2007. Samla skåre for



www.dok.no
mottok
Noreg.no sin
tilgjengeleg-
heitspris
for 2007.

områda tilgjengelegheit, brukartilpassing og innhald: Fem av seks stjerner.

Innhald

Per 31.12.07 hadde nettstaden dok.no ca. 830 nettabonnentar på vekemagasinet Nyhetsbrev fra Dokumentasjonssenteret. Det er i underkant av femdobling frå året før. Abonnentane representerer Dokumentasjonssenterets primærmålgrupper: beslutningstakarar, representantar for funksjonshemma sine interesseorganisasjonar og forskarar.

Det er i løpet av året publisert 123 aktualitetar med smått og stort. To av disse er fagartiklar, éin er kronikk i forbindelse med offentliggjeringsrapport 07. Artiklane er også blitt formidla gjennom det elektroniske nyheitsbrevet.

Det ble i 2007 introdusert ein spalte for eksterne bloggarar som representerer Dokumentasjonssenterets målgrupper. Det ble publisert til saman åtte blogginnlegg. Den nye spalten er ein del av dok.no si satsing på dialogbaserte webtenester.

Det er i tillegg blitt publisert

- 12 saker på teiknspråk
- 19 saker i lettlest-format
- 11 saker samt årsmelding 2006 på nynorsk
- 5 saker på engelsk.

Trafikk på dok.no

I 2007 hadde dok.no totalt ca. 1,7 millionar treff (i fjor 278 000) og ca. 200 000 besøkande (i fjor 31 600). Besøkande = same person/IP-adresse som har vore innom dok.no innanfor eit nærmare avgrensa tidsrom uavhengig av talet på sider vedkommande har vore inne på. Éin person/IP-adresse kan altså legge igjen mange treff. I og med at statistikkverktøyet også registrerer eigen aktivitet, er det trekt frå ca. 20 prosent.

Brukarforum

Det er halde to møte i dok.no sitt brukarforum, som består av to representantar frå høvesvis forskarmiljøa, interesseorganisasjonar, sentrale og lokale myndigheiter og Dokumentasjonssenteret (8 personar til saman). Brukarforumet gir tilbakemelding på om senteret treff etter målsetjinga om være ein portal for dokumentasjon om samfunns-situasjon for funksjonshemma.

Rapportar produsert i 2007.



Rapportar

Det er produsert to rapportar, begge i 1200 eksemplar:

- Sosial- og helsetenester for personar med nedsett funksjonsevne. Oversikt over utviklinga i perioden 2001-2006 (juni).
- Statusrapport 07. Samfunnsutviklinga for personar med nedsett funksjonsevne (desember).

Begge rapportane er utgitt i DAISY-format og er formidla i fulltekst på dok.no i html-format.

Det er laga ein plan for produksjon av fagartiklar til eksterne medium på grunnlag av utvalde kapittel i Statusrapport 07.

Bruk av media

Bruk av ulike media i 2007 er knytt til utgiving av rapporten Sosial- og helsetenester for personar med nedsett funksjonsevne og Statusrapport 07.

Ved begge høve fikk vi oppslag i Aftenposten med tallause «spinoffs» i andre aviser og på nett. Statusrapporten fikk tillegg omtale på NRK TV og radio, TV2, TV Noreg og P4. I samband med lanseringa 4. desember blei det skriva ein kronikk som blei publisert i Vårt Land, og 5. desember ble statusrapporten omtalt på leiarplass i Dagbladet.

Pressearbeidet i samband med offentliggjeringsa av Statusrapport 07 blei gjort i samarbeid med informasjonsavdelinga i Barne- og likestillingsdepartementet.



Styreleder Anne-Margrethe Brandt overrekte Statusrapport 07 til barne- og likestillingsminister Manuela Ramin-Osmundsen 4. desember 2007.

På lanseringsdatoen 4. desember blei det halde et seminar med ca. 80 deltakarar på SAS Hotell Plaza der Barne- og likestillingsministeren fikk overrekt rapporten.

Status for ulike FOU prosjekt i perioden 2005 - 2007

Nedanfor følgjer ein kort presentasjon av status for ulike prosjekt som Dokumentasjonssenteret har finansiert eller delfinansiert i perioden 2005–2007. Nokre av prosjekta er initiert av Dokumentasjonssenteret, mens andre har Dokumentasjonssenteret som ein av fleire bestillarar.

Levekår for personar med nedsett funksjonsevne (LKUF)

LKUF 2007 bygger på ein hypotese om at tradisjonelle levekårsundersøkingar ikkje optimalt fangar opp forhold som kan beskrive levekår til personar med nedsett funksjonsevne. Fleire instansar samarbeider om prosjektet; NTNU, Dokumentasjonssenteret, Sosial- og helsedirektoratet v/Avdeling for Sosial inkludering og NOVA. NTNU leier prosjektet, og Statistisk Sentralbyrå (SSB) gjennomfører undersøkinga.

Første halvdel av 2007 blei spørjeskjemaet utarbeidd og pilotprosjektet gjennomført og analysert. Sjølv undersøkinga blei gjennomført i oktober. Data vil føreliggje våren 2008. Dokumentasjonssenteret tar sikte på å presentere enkelte resultat i Statusrapport 2008.

«Den doble aldringen»

Dette prosjektet blir leia av FoA (Funksjonshemming og aldring) ved Ullevål sykehus). Prosjektet omhandlar levekår, livsmiljø og livskvalitet

for vaksne utviklingshemma og deira gamle foreldre, og blir drive i samarbeid mellom FoA, Høgskolen i Bergen og Dokumentasjons-senteret. I prosjektet er det gjort ein inngåande kvalitativ studie med intervju av 20 eldre foreldre og fem av deira vaksne barn med utviklingshemning. Undersøkinga har blant anna sett på om den enkelte har fått utarbeidd individuell plan i samsvar med lov og forskrift. Data frå undersøkinga blei brukt i kapitlet Sosial- og helsetenester i Statusrapport 2007. Prosjektet blir avslutta i 2008 med rapport og utgjeving av bok.

EuroAccess

Transportøkonomisk institutt (TØI) leiar et stort EU-prosjekt der målsettinga er auka tilgjengelegheit til transportsystem, oversikt over regelverk og synliggjer av «best practices». Dokumentasjons-senteret ønskjer at dei same forholda blir kartlagt i Noreg, og med den same metoden som i EU-landa. Ein ønskjer med dette få oversikt over, og samanlikningsgrunnlag av eit heilt transportsystem, synliggjer av verkemiddel i hele reisekjeda og beskriving av «best practices» i Noreg. Kontrakten blei inngått i januar 2007, og arbeidet skal være slutført 2008.

Aspekt ved funksjonshemma sine levekår

Dette prosjektet er basert på analysar av Statistisk sentralbyrås levekårundersøkingar 2001 og 2004. Gruppa med funksjonsnedsetting skårar lågare på ei rekke deltakingsområde, men det er for få informantar med funksjonsnedsetting med i utvalet, og spørsmålsbatteriet som blir brukt avgrensar ikkje målgruppa på ein tilfredsstillende måte.

Prosjektet er avslutta. Det blei gjennomført av NOVA, og ein rapport: Aspekter ved funksjonshemmedes levekår ble overlevert Dokumentasjons-senteret mars 2007. Resultat frå undersøkinga blei nytta i Statusrapport 2007 for å beskrive økonomiske levekår for personar med nedsett funksjonsevne.

IKT og synshemma

Prosjektet blir gjennomført av Noregs Blindforbund (NBF). Det blei starta opp i desember 2006 og var forventa gjennomført til desember 2007. På grunn av ei lita forseinking vil rapporten komme på nyåret 2008.

Prosjektet vil kartleggje bruk av IKT-produkt og -tenester blant synshemma for å avdekkje i kva grad disse kan brukast etter intensjonen, om det er særskilte problem som oppstår, og kva desse problema eventuelt går ut på.

Undersøkinga har fått oppslag på landsdekkande TV. Resultata frå undersøkinga vil bli publisert både på NBFs og på Dokumentasjons-

senteret sine nettsider, og vil også bli brukt i Statusrapport 2008.

T4P (Technology for Participation) konferanse om eForvaltning

Prosjektet blei gjennomført i form av ein internasjonal konferanse i Kristiansand i juni – den første i sitt slag. Målsetjinga var å diskutere ulike aspekt ved bruk av teknologi for deltaking, universell utforming innan IKT, og å utveksle eksempel på god praksis og informasjon mellom deltakarane.

Dokumentasjonssenteret var arrangør av konferansen saman med NOVA og Universitet i Agder. Dokumentasjonssenteret presenterte et «paper» om ulike fortolkingar av omgrepet universell utforming, og ulike politiske aspekt ved desse.

Ein engelskspråkleg rapport frå konferansen vil bli publisert av NOVA i samarbeid med Dokumentasjonssenteret våren 2008.

Modul IKT og tilgjengelegheit (MIKT)

Eit forprosjekt er gjennomført i samarbeid med det private føretaket MediaLT. Bakgrunnen for MIKT var behovet for – og ideen om – ein modul om IKT og tilgjengelegheit i samband med Datakort-prosjektet. Eit forprosjekt blei gjennomført i 2007. Eit av delmåla for MIKT var å definere innhaldet i, og finansiering av, eit hovudprosjekt, ved sidan av å kartleggje og avgrense innhaldet i kurset. Parallelt har det vore drive eit utgreiingsarbeid for å avklare sentrale sider ved omgrepet universell utforming i regi av Miljøverndepartementet og Deltasenteret. Resultata vil utgjere eit grunnlagsdokument for det vidare arbeidet med kursmodulen, og påverke kva hovudtema som bør inngå i modulen. Dokumentasjonssenteret har medverka i den internasjonale kartlegginga av situasjonen med omsyn til utdanningsmodular innan universell utforming og IKT, særleg innanfor EU og European Disability Forum (EDF).

Sosial- og helsetenester for personar med nedsett funksjonsevne

Prosjektet er gjennomført av SINTEF Helse. Det blei starta opp hausten 2006 og avslutta våren 2007. Formålet med prosjektet var å utgreie situasjonen for menneske med funksjonsnedsetting på sosial- og helsetenesteområdet, med spesiell vekt på barrierar mot likeverdig deltaking. Dagens situasjon, og endringar eller stillstand i funksjonshemmande barrierar skulle beskrivast med bakgrunn i det gapet mellom mål og verkelegheit som er framstilt i utgreiinga «Fra bruker til borger» (NOU 2001:22).

Resultat av undersøkinga blei publisert i rapporten «Sosial- og helsetenester for personer med nedsatt funksjonsevne» i mai 2007. Rapporten viser mellom anna at menneske med lavt funksjonsnivå og stort behov for koordinerte tenester og langvarige tiltak, får dårligast tilpassa sosial- og helsetenester.

Resultat frå undersøkinga blei også presentert i Statusrapport 2007 under kapitlet om Sosial- og helsetenester.

Bustad- og tenestetilbod for utviklingshemma

Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) gjennomførte i 2005 ei større undersøking om utviklingshemma sine bustad- og tenestetilbod, på oppdrag frå Husbanken. Undersøkinga gikk ut på å kartleggje og analysere kommunane sine faktiske tilbod av bustader og tenesteyting for utviklingshemma. I kva grad kan den utviklingshemma velje bustad og medbebuarar? Korleis er muligheita for å bytte bustad? Informantane var utviklingshemma i alderen 20-66 år som ikkje bur heime hos foreldra. Undersøkinga blei gjennomført både på kommunenivå og på individnivå.

Rapporten «Utviklingshemmedes bo- og tjenestesituasjon 10 år etter HVPU-reformen» blei lagt fram hausten 2007.

Dokumentasjonssenteret ønskte i samband med prosjektet å få analysert utviklingshemma sine fritidstilbod, då dette blei registrert på individskjemaet. Denne delen av prosjektet er enda ikkje ferdig behandla, men ein rapport vil bli lagt fram i 2008.

Ung i Oslo - funksjonshemma elevar

Dette er ein modul i et større prosjekt gjennomført av NOVA i perioden 2005 – 2007. «Ung i Oslo» var ei tverrsnittsundersøking som omfatta 10-11000 ungdommar i alderen 14-17 år. Informasjon blei henta inn via spørjeskjema som dekte eit vidt spekter av spørsmål om daglegliv, levekår og livskvalitet hos ungdom. I tillegg inkluderte skjemaet spørsmål om ungdomane oppfattar seg sjølv som funksjonshemma, og et spørsmål om kva for funksjonsnedsetting dei eventuelt hadde. Organisasjonen Unge funksjonshemmede har, saman med Dokumentasjonssenteret, finansiert den delen som spesielt skulle ha levekår til funksjonshemma ungdom i fokus.

Undersøkinga og analyser blei gjennomført i 2007. Problemet er ein mengde useriøse svar. Meir enn ein tredel som kryssar av på funksjonshemming, kryssar også av på kriminell åtferd, homofili og alvorlig narkotikabruk. I møte mellom NOVA, Unge funksjonshemmede, Barne- og likestillingsdepartementet og Dokumentasjonssenteret er det gjort vedtak om at NOVA skal nytte fokusgrupper for å klargjere nokre av problemstillingane i den store spørjeundersøkinga. Rapport vil bli lagt fram hausten 2008.

Haldningskartlegging

Haldningskartlegginga «Hvor tilgjengeleg er samfunnet for funksjonshemmede? Dokumentasjonssenterets holdningsbarometer 2007» blei utført av Synovate Norge (tidlegare MMI) i juni 2007.

Formålet med undersøkinga var å kartleggje kunnskap om, og haldningar til, diskriminering av funksjonshemma knytt til arbeidsliv, bygningar og offentleg transport. Undersøkinga bekrefta at manglande kunnskap og visse haldningar til funksjonshemma vil utgjere barrierar mot full deltaking i samfunnslivet. Tanken er at undersøkinga skal gjennomførers med jamne mellomrom for å kunne avlese om holdningane på dette området endrar seg over tid.

Kartlegginga blei presentert i Statusrapport 2007.

Kartlegging av tilgjengelegheit til nettsider

Dokumentasjonssenteret bestilte i desember 2007 ein oversikt over tilgjengelegheit til nettsider for enkelte sektorar frå Universitetet i Agder, som eit supplement til oversikter som blir publisert av Noreg.no. Det blei også bestilt ei kartlegging av bruk av Pdf-dokument.

Prosjektet er knytt til eGovMon (eGovernment Monitor) prosjektet, som er eit online observatorium for kvalitetsvurdering av eForvaltningstenester i regi av Universitetet i Agder. Fokusområde for kvalitet omfattar tilgjengelegheit, innsyn, effektivitet og effekt, ut frå definerte indikatorar for kvart område. Prosjektet vil bli ferdigstilt i 2008.

Fylkesvis oversikt over tilgjengelegheit til kollektivtransport

Prosjektet, som blir gjennomført av Transportøkonomisk Institutt (TØI), skal gi ei fylkesvis oversikt over tilgjengelegheit til kollektivtransport. Formålet er å kartleggje planer, krav og tiltak som norske fylkeskommunar har introdusert for å lette tilgjengelegheita til kollektive transportmiddel. Prosjektet skal dessutan undersøkje kva fylkeskommunane gjer for å oppnå tilgjengelegheit til kollektivtransport for personar med ulike funksjonsnedsettingar. Korleis har fylkeskommunane inkludert tilgjengelegheit til kollektivtransport i fylkesplanar og -delplanar? Kva er måla, kva er krava for å oppnå betre tilgjengelegheit, og kva blir gjort for å nå desse måla?

Det vil bli laga ei spørjeundersøking som blir sendt til alle fylkeskommunane. Denne vil gi oss informasjon om spekteret av fylkeskommunane sine mål og tiltak for å betre tilgjengelegheita til kollektivtransport for funksjonshemma.

Prosjektet starta opp desember 2007 og skal avsluttast i juni 2008. Resultata vil bli presentert i ein rapport.

Dokumentasjonssenterets arbeid med FNs standardreglar

Det har ikkje vore kapasitet til å prioritere denne oppgåva i 2007, men arbeidet med å overvake implementeringa i Noreg av FNs standardreglar for personar med nedsett funksjonsevne er starta opp. Senteret har gjennomgått standardreglane, sett på forarbeida, drøfta med

ressurspersonar og gjennomgått metodar for korleis ein kan tilnærme seg oppgåva. I tillegg er det skreve ein artikkel som ligg på dok.no.

For å utgreie korleis styresmaktenes brukar standardreglane på regionalt og lokalt plan samankalla Dokumentasjonssenteret til eit oppstartsmøte i april 2007, med representantar frå utvalde fylkeskommunar og kommunar. Temaet var å drøfte ei eventuell undersøking på nasjonalt plan av den praktiske bruken av standardreglane i norsk lokalforvaltning. På møtet deltok representantar for Nord-Trøndelag, Hordaland og Hedmark fylkeskommunar, samt ein representant frå den svenske paraplyorganisasjonen Handikappforbundens samarbeidsorgan (HSO), som var sentral i arbeidet med den svenske Agenda 22 metoden (ei spørjeundersøking til alle kommunar i Sverige om oppfølging av FN's 22 standardreglar, og med spesielt fokus på brukar-medverking og kommunale handlingsplanar. Vedkommande har også delteke i undersøkingar ved bruk av denne metoden i fleire europeiske land.

I samband med møtet i april mottok Dokumentasjonssenteret handlingsplanar og annen dokumentasjon frå dei involverte fylkeskommunane. Dette har gitt følgjande informasjon:

Nord-Trøndelag fylkeskommune har laga ein felles fylkesplan med Sør-Trøndelag 2005-2008. Her er universell utforming tatt inn i to av planpunkta. Dette er bindande for fylkesadministrasjonen. Handlingsplanen har visjon og målsetjing, ansvarsområde og tiltak. Prioriterte tiltak er sortert etter ansvar.

Hedmark fylkeskommunes råd for funksjonshemma får tilsendt politiske saker fortløpande, og kan uttale seg om relevante saker. Ei plangruppe for universell utforming er samansett av sentrale aktørar. Fylkeskommunen vil gjennomføre universell utforming på alle nivå i planprosessane.

Hordaland har ein fylkesplan «Deltaking for alle – universell utforming 2006-2009» som er delt inn i tema; mellom anna bygg og transport. Offentlege innkjøp og universell utforming skal være tema for kurs for kommunane.

På oppstartmøtet blei det danna eit nettverk for vidare arbeid, med m.a. utarbeiding av eit spørjeskjema som kan sendes til lokale og regionale myndigheiter. Eit slikt skjema blei brukt i Sverige og i fleire EU-land ved den såkalla Agenda 22- metoden.

For å få fortgang i arbeidet, blei det drøfta om ein skal kontakte eit eksternt forskingsmiljø. Tilnærminga skal vere Agenda 22-metoden, men gjennomføring av undersøkinga og analyse av resultatata gjenstår.

Vedlegg I

Vedtekter

Vedtekter for nasjonalt dokumentasjonssenter for personer med nedsatt funksjonsevne

Fastsatt ved kgl. resolusjon av 10. desember 2004

1. Formål

Det nasjonale dokumentasjonssenteret har som formål å øke kunnskapsgrunnlaget om situasjonen og samfunnsutviklinga for personer med nedsatt funksjonsevne. Dokumentasjonssenteret skal ha særlig fokus på innsamling av data som kan sikre bedre kunnskap om måloppnåelse og effekt av virkemidler som tas i bruk på dette området.

2. Oppgaver

Dokumentasjonssenteret skal:

- Etablere et samarbeid med sentrale institusjoner som samler inn kunnskap om forhold som har betydning for å kunne dokumentere situasjonen for personer med nedsatt funksjonsevne.
- Bidra til å forbedre den datainnsamling som skjer med offentlig støtte, foreslå og eventuelt igangsette innsamling av data på områder som er svakt dekket.
- Utvikle og ta i bruk verktøy for regelmessig å kunne dokumentere utviklingen i situasjonen for personar med nedsatt funksjonsevne innenfor de ulike sektorområder.
- Gi en vurdering av utviklingen i forhold til FNs standardregler for like muligheter for mennesker med funksjonshemming.
- Gi en vurdering av utviklingen i forhold til land eller områder det er naturlig å sammenlikne seg med.
- Gjøre kunnskapen som samles inn lett tilgjengeleg for offentlige instanser, beslutningstakere og andre som har behov og ønsker om informasjon.
- Utarbeide årlig en statusrapport om situasjonen for personar med nedsatt funksjonsevne.
- Yte rådgivning og veiledning i saker hvor det foreligger behov for kunnskap om situasjonen for personer med nedsatt funksjonsevne.

3. Leiting

Senteret ledes av et styre og en daglig leder.

Styret oppnevnes av Arbeids- og sosialdepartementet.

Styret har ni medlemmer med personlige varamedlemmer. Ved sammensetning av styret skal det legges vekt på en balanse mellom representanter frå funksjonshemmedes organisasjoner, forvaltningen herunder kommunesektoren og forskingsmiljø. Ett medlem oppnevnes fra de tilsatte og et medlem oppnevnes fra vertsskapsorganisasjonen for dokumentasjonssenteret.

Medlemmer og varamedlemmer oppnevnes for fire år med adgang til gjenoppnevning en gang. For halvparten av styrets medlemmer vil oppnevningsperioden den første virketiden være 2 år for å sikre kontinuitet i styret.

Ved stemmelikhet har styrets leder dobbeltstemme. Styret oppnevner selv nestleder. De tilsettes representant kan ikke oppnevnes som nestleder. Senterets daglige leder deltar uten stemmerett i styremøtene. For øvrig fastsetter styret selv sin forretningsorden.

Den daglige ledelsen av dokumentasjonssenteret ivaretas av en daglig leder som er ansvarlig overfor styret og er styrets sekretær.

4. Styret

Styret har den overordnede faglige og administrative ledelse av senteret.

Styret har følgende hovedoppgaver:

- Trekke opp hovedlinjene for senterets virksomhet
- Fastsette senterets organisering
- Godkjenne senterets årsplaner
- Fremme budsjettforslag overfor Arbeids- og sosialdepartementet
- Vedta budsjett disponeringer innenfor gitte budsjett rammer
- Ha ansvar for resultatoppfølging og budsjettkontroll
- Avgi årlig rapport og regnskap for virksomheten.

Styret skal ansette daglig leder. Tilsetting skjer på åremål for seks år, med adgang til fornyet tilsetting en gang.

Styret skal uttale seg ved opprettelse av nye stillinger (stillingsinnhold) og omgjøring av eksisterende stillinger. Styrets leder kan, på vegne av styret, uttale seg om andre ansettelsessaker.

5. Daglig leder

Daglig leder har ansvar for at de vedtak som er truffet av styret og av overordnet myndighet settes i verk. Daglig leder er ansvarlig for at senteret drives i samsvar med vedtektene og gjeldende regler for statlig virksomhet. Daglig leder har avgjørelsesmyndighet i alle saker som ikke avgjøres av styret eller overordnet myndighet. Avgjørelsesmyndigheten kan delegeres tjenestemenn ved senteret etter retningslinjer gitt av styret. Nærmere instruks for daglig leder fastsettes av styret.

6. Status og fullmakter

Dokumentasjonssenteret er et statlig forvaltningsorgan administrative underlagt Arbeids- og sosialdepartementet. Senteret skal finansieres og organiseres slik at faglig uavhengighet og økonomisk/administrativ fleksibilitet oppnås. Senteret har følgende fullmakter:

Det oppretter selv de stillinger og tilsetter det personale som anses nødvendig for å løse de oppgaver det er pålagt, ut fra hensynet til at bemanning og organisasjon må tilpasses de gitte rammebetingelser. Tilsettingsforholdene reguleres av lov om statens tjenestemenn med forskrifter.

Budsjett og regnskap skal følge budsjettåret for statsregnskapet. Økonomiforvaltningen skal skje i henhold til statens økonomiregelverk og regnskapet skal revideres av Riksrevisjonen. Regnskap og årsmelding skal avgis til Arbeids- og sosialdepartementet.

Prinsipielle spørsmål som måtte oppstå, og som er av en slik karakter at de krever politisk avklaring, skal styret legge fram for Arbeids- og sosialdepartementet.

7. Vedtekter

Endringer av vedtektene kan fastsettes av Arbeids- og sosialdepartementet. Forslag til endringer skal legges fram for styret til uttalelse. Styret kan selv fremme forslag til endringer av vedtektene.

8. Ikrafttredelse

Vedtektene trer i kraft fra det tidspunkt som Arbeids- og sosialdepartementet beslutter.

Vedlegg II

Oversikt over deltakelse og bidrag i eksterne fora

a) Oversikt over deltakelse og foredrag på eksterne møter, seminarer og konferanser i 2007

Dato	Sted	Arrangør	Arrangement	Foredrag fra Dok/tema	Paper/artikkel til www.dok.no eller andre
05.01	Oslo	Statens råd for funksjonshemma	Rådsmøte	EU, universell utforming og funksjonshemmede v/RBR	
18. - 19.01	Brussel	Europakommisjonen	Konferanse: Europe for All – Accessible Tourism		Artikkel til dok.no: «Europe for All – a Stakeholder conference on Accessible Tourism» v/RBR
24.01	Oslo	Miljøverndepartementet	Arbeidsgruppe for universell utforming	Evaluering av handlingsplan for universell utforming v/RBR	
26.01	Oslo/ Fornebu	Norsk forbund for utviklingshemmede	Årskonferanse	Full deltakelse for alle? Utviklingstrekk 2001-2006 v/BNI	
30.01	Oslo	Voksenopplæringsinstituttet (VOX)	Konferanse: eBorgerskap		
22.02	Oslo	European Institute for Design and Disability (EIDD) Noreg	Fagmøte om offentlige anskaffelser og universell utforming	Endringene i lov om offentlige anskaffelser v/RBR	
03.03	Bergen	LDO	Konferanse: Rett person på rett plass		Artikkel til dok.no: «Slo et slag for mangfold i arbeidslivet» v/PHA
07.03	Oslo	Oslo kommunes Kontaktforum	Konferanse: Møtet mellom funksjonshemma med minoritetsbakgrunn og hjelpeapparatet		Artikkel til dok.no: «Vil ha funksjonshemma med minoritetsbakgrunn frem i lyset» v/PHA

Dato	Sted	Arrangør	Arrangement	Foredrag fra Dok/tema	Paper/artikkel til www.dok.no eller andre
09.03	Oslo	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Konferanse: eForvaltning		
12. - 14.03	Lillehammer	Nasjonal pådriver for tilgjengelighet til høyere utdanning	Konferanse: Inkluderende læringsmiljø	Status for funksjonshemmede; Full deltakelse for alle? v/EKN	
15.03	Oslo	EIDD Noreg	Temamøte	EU-direktiv om offentlige anskaffelser v/RBR	
21.03	Oslo	Miljøverndepartementet	Interdepartemental arbeidsgruppe	Orientering om Dok v/RBR	
21.03	Oslo	Yrkesorganisasjonenes sentralforbund	Arbeidsgruppe for antidiskrimineringsarbeid	Kunnskap viser vei – om behovet for antidiskrimineringslov	
28.03	Oslo	Statens råd for funksjonshemma	Rådsmøte	EU og funksjonshemmede v/RBR	
29.03	Stockholm	Nordiska Samarbetsorganet för handikapfrågor (NSH)	Konferanse: Arbetsmarknaden för unga personar med funktionshinder		Artikkel til dok.no: «Fallitterklærer innsats for funksjonshemmede på arbeidsmarkedet» v/PHA
19.04	Oslo	Statens kartverk	Seminar om Matrikkelen		
25.04	Molde	Møre og Romsdal fylke	Konferanse: Tilgjengeleg reiseliv	Turisme for alle i EU v/RBR	
05.05	Oslo	European Federation of the hard of hearing (EFHOH)	Styremøte og seminar	EU og funksjonshemma v/RBR	
10. - 12.05	Göteborg	Nordic Network on Disability Research (NNDR)	Konferanse: Participation for all	Universell utforming v/RBR	Paper: «Fortolkning av universell utforming» v/RBR Artikler til dok.no: «Hyller flerfagligheten» og «Etterlyser politikk for positiv identifisering» v/PHA

Dato	Sted	Arrangør	Arrangement	Foredrag fra Dok/tema	Paper/artikkel til www.dok.no eller andre
31.05	Oslo	Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Lederkonferanse		
06.06	Oslo	«Offentlig handel»	Fagseminar: «Innkjøperdagene»	Universell utforming i offentlige anskaffelser v/RBR	
15.06.	Oslo	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Fagseminar: EU og IKT		
25. - 27.06	Kristiansand	Høgskolen i Agder/NOVA/Dok	Internasjonal konferanse: Technology for participation (T4P)	Universell utforming og IKT v/RBR	Paper: Universell utforming og IKT i EU og Noreg v/RBR Artikkel til dok.no: Report from the T4P conference
28.06	Oslo	Forskningsstiftelsen Fafo	Funksjonshemma i arbeidslivet		
29.08	Oslo	Standard Noreg	Fagseminar: Standardisering og universell utforming av bygg		
30.08	Oslo	Noregs Blindeforbund	Konferanse: Rammevilkår for samfunnsnyttige organisasjoner/ levekår og rettigheter for funksjonshemma		
06. - 07.09	Inderøy	FFO Nord-Trøndelag	Konferanse for interesseorganisasjoner, råd og off. etater om UU og off. info.	Universell utforming v/RBR	Paper: Rettigheter for funksjonshemma i EU
13.09	Oslo	MediaLT	Fagseminar	Statusrapport 2007: IKT	
18.09	Oslo	Senter for statlig økonomistyring	Kurs i risikostyring		
24.09	Oslo	Statens råd for funksjonshemma	Høringskonferanse – utviklingshemmede		

Dato	Sted	Arrangør	Arrangement	Foredrag fra Dok/tema	Paper/artikkel til www.dok.no eller andre
26. - 28.09	Reykjavik	Universitetet i Reykjavik/ Islands Menneskerettig- hetscenter	Internasjonal konferanse: The Human Rights of persons with Disabilities		
27.09	Ski	Frambu Senter for sjeldne funksjonshemninger	Fagmøte	FN-konvensjonen v/RBR	
04.10	Brussel	EDF	Kampanje: «1 million 4 disability» - Seminar om FN-konvensjonen		Artikkel til dok.no: «Nye EU-løfter om antidiskrimineringslov»
09.10	Oslo	Likestillings- og diskrimineringsombudet	Seminar: EU-året for like muligheter		
22. - 23.10	Arkhangelsk	Nord-Noregs Diakoni- stiftelse/Pomor Stats- universitet	Seminar om funksjonshemmedes rettigheter	Funksjonshemmet og diskriminert v/EKN	
				Dokumentasjons-senteret - forskning om f.h. v/EKN	
				Rettigheter for funksjons- hemmede i EU v/RBR	Paper: Rettigheter for funksjons- hemmede i EU
22.10	Oslo	Sosial- og helse- direktoratet	Innspillmøte til ny handlingsplan for tilgjengelighet	Erfaringer med gjeldende handlings-plan v/BNI	
25.10	Oslo	Sosial- og helse- direktoratet	Konferanse: FN-konvensjonen om rettigheter for funksjonshemmede		Artikkel til dok.no: «Lo- ven harmoniseres ikke med konvensjonen» v/PHA
30.10	Ski	Statens råd for funksjons- hemmede/NTNU	Kurs i universell utforming	Universell utforming og EU	
31.10 - 2.11	København	København kommune	Nordisk konferanse: By for alle		

Dato	Sted	Arrangør	Arrangement	Foredrag fra Dok/tema	Paper/artikkel til www.dok.no eller andre
15.11	Oslo	Noregs døveforbund	Arbeidslivkonferanse		
18.11	Gardermoen	Sunnaas sykehus, TRS	Samarbeidsforum	Arbeid og funksjons- hemmede v/RBR	
21.11	Oslo/ Fornebu	MediaLT	Miniseminar	Universell utforming og IKT v/RBR	
27.11	Oslo	Forskringsrådet	Konferanse: Diskriminerings mange former		
27.11	Trondheim	NTNU	Etterutdanningskurs i universell utforming	Universell utforming og transport v/RBR	Paper: Universell utforming og transport
12.12	Oslo	Sosial- og helse- direktoratet	Internseminar	Statusrapport 2007 – So- sial- og helsetenester v/TEI	
18.12	Oslo	FFO	Møte i Brukerforum for høyere utdanning	Statusrapport 2007 – Høyere utdanning v/TEI	
18.12	Oslo	ROM Eiendom	Internt fagmøte	Universell utforming og lowerk på transport- området v/RBR	

b) Oversikt over deltakelse i grupper og nettverk

Gruppe/nettverk	Ansvarlig instans	Periode i funksjon	Antall møter deltatt i 2007
Arbeidsgruppe for universell utforming	Forbrukerorganisasjonene for standardisering i Europa (ANEC)	Januar-desember	1
Ressursnettverk	MediaLT	Januar-desember	4
Brukerforum	IT Funk	Januar-desember	4
Referansegruppe «Aktivitetsplikt innen arbeid»	Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Januar-juni	3
Rammeverksgruppe for universell utforming i KOSTRA	SSB	Oktober-desember	2
Arbeidsgruppe for Handlingsplan for universell utforming	Miljøverndepartementet	Januar-desember	2
Referansegruppe	NBF prosjekt om IKT barrierar	Mai-desember	2
Nettverksgruppe - Universell utforming	EIDD Noreg	Januar-desember	3
Arbeidsgruppe for antidiskrimineringsarbeid	Yrkesorganisasjonenes sentralforbund	Januar-april	3
Referansegruppe - Sosial- og helsetj. for personar med nedsatt funksjonsevne	SINTEF Helse	Januar-april	2
Referansegruppe - prosj. «Den doble aldringen»	FoA/NOVA	Januar-desember	2
Styret for forskning om funksjonshemmede i Norge	Norsk nettverk for forskning om funksjonshemming	Januar-desember	E-postkontakt
Arbeidsgruppe	SSB – Levekårsundersøkelsen 2008 Helse	November-desember	1
Brukerforum for høyere utdanning	Funksjonshemmes Fellesorganisasjon (FFO)	Januar-desember	3
Brukerforum for inkluderende opplæring	Utdanningsdirektoratet	Januar-desember	3
Brukerforum	LDO	Januar-desember	2
Referansegruppe - Levekårsundersøkelse	SSB/NTNU/NOVA/Dok	Januar-desember	8
Nordisk gruppe for felles forskingsportal	Nordisk handikappolitisk råd	Mai-desember	1

c) Annen forelesnings- og foredragsaktivitet. Artikler

Aktivitet	Tema
Diverse forelesninger / foredrag ved høyskolen i Oslo og Høyskolen i Trondheim (sykepleiere, ergoterapeuter, vernepleiere, sosionomer etc.)	Om Doksenteret - om situasjonen til funksjonshemmede i Norge - Om samfunns-situasjonen, om virkemidler som tas i bruk, om virkemiddel som lovgivning etc.
Artikler til NotaBene, internasjonal spalte	Nyheter om politikk og lovgivning for funksjonshemma i EU, Europarådet og FN
Fagartikkel til Abacus, indisk tidsskrift om arkitektur	Fortolkning av universell utforming
Artikkel til dok.no	FN-konvensjonen om menneskerettigheter for funksjonshemma
Artikkel til dok.no	EU and rights for disabled people
Artikkel til dok.no	The principle of Design for all - interpretation Policy Implications
Artikkel til dok.no	Report from 15th ANEC Design for All Meeting